

Fra: "Torben Lode"
Sendt: tirsdag 18. november 2025 11.13.49
Til: "Fellespostboks - Glitrenett - Firmapost" <post.nett@glitrenett.no>
Kopi: "Ellinor Borgi" <ellinor.borgi@glitrenett.no>; "post@kristiansand.kommune.no" <post@kristiansand.kommune.no>
Emne: SV: 110 (132) kV Kystlinje delstrekning Kulia - Leire -detaljplan - endringssøknad Mjåvannsheia, saksref. 202411592
Vedlegg: Vedlegg 1 - søknad om endring av anleggstilkomst ved Mjåvannsheia.pdf, Vedlegg 2 - stadfesting KRS kommune og AFK.pdf

Til: Glitre Nett AS
Kopi: Glitre Nett AS v/ Ellinor Borgi, Kristiansand kommune
Vår referanse: 202411592-84

Ny 110 (132) kV Kulia – Leire, Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) godkjenner søknad om endra anleggstilkomst og riggplass ved Mjåvannsheia.

Viser til e-posten dykkar av 14. november 2025 med søknad om endra tilkomst og riggplass ved mastepunkt 27-29. Søknaden inkluderer endra tilkomst til desse tre mastepunkta frå sør i staden for frå nord, samt flytting av tilhøyrande riggplass. Glitre Nett si vurdering er at endringane i liten grad vil påverke miljø og samfunn samanlikna med opphavleg godkjent løysing for tilkomst.

Endringssøknaden skyldast at Glitre Nett har vurdert at tilgang til riggplass og terrengspor som vedtatt i detaljplanen frå nordsida vil vera utfordrande med omsyn til trafikktryggleik. De vurderer også at det opphavlege tiltaket vil føre til større terrenginngrep enn fyrst tenkt. Glitre Nett har følgeleg kome fram til at ei løysing med åtkomst frå sørsida av leidningstraséen vil vera betre og i større grad mogleggjere bruk av eksisterande anleggsvegnett frå bygging av ny E39. Sjå vedlagt endringssøknad (vedlegg 1) for nærare beskriving av og grunngjeving for dei søkte endringane.

Glitre Nett har forelagt dei søkte endringane for Agder fylkeskommune, Kristiansand kommune, grunneigarar og Løypelaget Våg IL.

NVE si vurdering

NVE vurderer at dei søkte endringane er å rekne for mindre vesentlege endringar av detaljplanen, som i liten grad vil ha negative konsekvensar for miljø og omgjevnader, korkje i seg sjølve eller samanlikna med opphavleg godkjent løysing for tilkomst og tilhøyrande riggplass. NVE ser derfor ikkje behov for å innhente fråsegn ut over det Glitre Nett allereie har henta inn og lagt ved endringssøknaden (vedlegg 2). Kristiansand kommune orienterast med kopi av denne e-posten. Me føreset at Glitre Nett orienterer andre aktuelle partar om dette vedtaket.

NVE legg til grunn at all arealbruk og istandsetjing skal skje i samsvar med godkjend detaljplan og at endringar avklarast med grunneigarar og rettshavarar i forkant. Til dømes skal forsterking av eksisterande traktorveg ikkje føre til ei endring av vegklasse, og traktorvegen skal, som all mellombels arealbruk, setjast i stand til opphavleg tilstand innan anleggsarbeida avsluttast.

Glitre Nett skriv i endringssøknaden at den eksisterande traktorvegen som skal nyttast for ny tilkomst til mastepunkt 27-29 i følge Løypelaget Våg IL er ein gammal driftsveg til Slåtane og ein

del av turløypenettet i Vågsbygdmarka. Me føreset at de framheld dialogen med Løypelaget Våg IL og at de særleg vurderer tryggleikstiltak for tredjepart med omsyn til anleggstrafikk. De skriv også at traktorvegen går tett inntil ein førekomst av gammal, fattig edellauvskog av moderat kvalitet (NiNID NINFP2210106434), medan terrengsporet vil gå i nærleiken av ein førekomst av gammal, fattig edellauvskog med stor verdi (NiNID NINFP2210106435), men at ingen av desse førekomstane vil verte råka av tiltaket. NVE legg dette til grunn for si vurdering.

NVE sitt vedtak

NVE godkjenner dei søkte endringane av søknaden datert 14. november 2025. Opphavleg godkjent tilkomst til mastepunkt 27-29 med tilhøyrande riggplass fell med dette ut frå godkjend detaljplan.

Me legg til grunn at arbeida vert gjennomførte i samsvar med prinsipp for terrengtilpassing og istandsetjing som tidlegare godkjent av NVE, og at all mellombels arealbruk vert ført tilbake til opphavleg tilstand i samsvar med godkjent detaljplan innan anleggsarbeida avsluttast. Godkjenninga føreset at de vurderer tryggleikstiltak med omsyn til anleggstrafikk, at naturtypelokalitetane NiNID NINFP2210106434 og NiNID NINFP2210106435 ikkje vert råka av tiltaket, og at de etterkjem det påpeikte i fråsegna frå Kristiansand kommune og Agder fylkeskommune. Ut over dette har NVE ingen merknader til dei søkte endringane.

Dette vedtaket kan klagast på av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse. Sjå meir informasjon om dette i [NVE sitt informasjonsskriv om klage](#).

Med helsing

Torben Lode

rådgjevar

Avdeling for tilsyn og beredskap

Seksjon for miljøtilsyn energianlegg

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22959595

E-post: nve@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Ellinor Borgi <Ellinor.Borgi@glitrenett.no>

Sendt: fredag 14. november 2025 15:35

Til: NVE Postmottak <nve@nve.no>; Torben Lode <tol@nve.no>

Kopi: Ellinor Borgi <Ellinor.Borgi@glitrenett.no>

Emne: 110 (132) kV Kystlinje delstrekning Kulia - Leire -detaljplan - endringssøknad Mjåvannsheia, saksref. 202411592

Saknr. 202411592

Att: Torben Lode

Viser til tidligere korrespondanse om behov for endringer av gjeldende detaljplan.
Vedlagt er endring for anleggsadkomst og riggplass til Mjåvannsheia mastepunkt 27-29.

Det er ikke vedlagt oppdaterte grunneieravtale i oversendelsen. Disse kan ettersendes dersom det er behov.

Ta kontakt dersom noe er uklart.


Med vennlig hilsen/Best regards,

Ellinor Borgi

Rådgiver konsesjoner

+4747260023

Glitre Nett AS



Sensitivity: General business information